



Jobbnorge-ID: 116582

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Stipendiat i bioinformatikk og systembiologi

Ved Institutt for informatikk (www.uib.no/ii) er det ledig ei stilling som stipendiat i bioinformatikk. Stillinga er for ein åremålsperiode på 4 år og er knytt til den nasjonale forskarskulen i bioinformatikk, www.norbis.no.

Om prosjektet/arbeidsoppgåver:

Institutt for informatikk er av Forskningsrådet rangert fyrst i Noreg i medhald av forskingskvalitet. Kandidaten vil arbeide med bioinformatikk og system-biologi i forskingsgruppa leia av Inge Jonassen ved Computational Biology Unit, <http://www.uib.no/en/cbu>.

Stillinga er knytt til programmet "Digitalt liv", støtta av Norges Forskningsråd. Programmet har som mål å byggje og støtte trans-disiplinær forskning innan livsvitenskap gjennom prosjekt som inkluderer molekylærbiologi, bioinformatikk og matematisk modellering. Kandidaten vil arbeide med utvikling og bruk av bioinformatikk og systembiologi metodar knytt til prosjekt som inneber samarbeid med biologiske og medisinske forskingsgrupper, inkludert Sea Lice Research Centre, www.slrc.no. I samarbeid med matematiske grupper vil vi utforske nye metodar for dataanalyse og modellering.

Vi søker ein student med sterk bakgrunn innan informatikk, matematikk og/eller statistikk. Kandidaten vil bruke og utvikle metodar som integrerer data frå ulike kjelder for å modellere utvalte biologiske system på molekylært nivå, og foreta prediksjonar som kan bli testa eksperimentelt av samarbeidande grupper. Når mogleg, vil programvare bli integrert med NeLS (Norwegian e-infrastructure for Life Science) knytt til den norske noden av Elixir, som koordinerast frå CBU.

Kvalifikasjonar og eigenskapar

- Søkjarar må ha oppnådd mastergrad eller tilsvarande i informatikk, bioinformatikk, statistikk, matematikk eller eit relevant nærliggjande fagfelt, eller ha levert masteroppgåva til vurdering innan søknadsfristen er ute. Det er ein føresetnad at mastergraden er oppnådd før tilsetjing kan skje.
- Søkjarar må ha særskilde gode ferdigheitar innan programmering i eit eller fleire relevante språk
- Erfaring frå bioinformatikk eller systembiologi er ein føremon
- Ein sterk bakgrunn i matematikk (spesielt statistikk og dynamisk modellering) er ein føremon
- Kunnskap innan molekylærbiologi er ein føremon
- Arbeide sjølvstendig og strukturert og ha gode samarbeidsevner
- Nytte engelsk skriftleg og munnleg

Om stipendiatstillinga

Samla stipendperiode er 4 år, der 25 % av tida er pliktarbeid, knytt til forskning, undervisning og formidling. Om du tidlegare har vore tilsett i rekrutteringsstilling, kan det bli gjort frådrag i tilsetjingsperioden.

Om forskarutdanninga

Som stipendiat skal du delta i eit godkjent utdanningsprogram for ein ph.d.-grad innanfor ei tidsramme på 3 år. Endeleg plan for gjennomføringa av forskarutdanninga skal vere godkjent av fakultetet innan tre månader etter at du har teke til i stillinga. Det er ein føresetnad at du fyller krava for opptak til ph.d.-studiet ved Universitetet i Bergen.

Vi kan tilby

- eit godt og fagleg utfordrande arbeidsmiljø
- moglegheiter for forskingsopphald i gruppene til samarbeidspartnarar
- løn etter lønnssteg 50 ved tilsetjing (kode 1017). Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga.
- medlemskap i Statens pensjonskasse
- stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
- gode velferdsordningar

Søknaden skal innehalde

- ei kort utgreiing om søkjaren sine forskingsinteresser og motivasjonen for å søkje stillinga
- namn og kontaktopplysningar til to referansar, ein av desse må vere hovudrettleiaren frå masteroppgåva eller tilsvarande oppgåve
- CV
- karakterutskrifter og vitnemål for bachelor- og mastergrad, alternativt ei stadfesting av at mastergradsoppgåva er levert
- relevante attestar
- eventuell liste over vitenskaplege arbeid (publikasjonsliste)
- eventuelle publikasjonar

Søknad og vedlegg med attesterte omsetjingar til engelsk eller eit skandinavisk språk må lastas opp i Jobbnorge.

Søknadsfrist: 8. september 2015

Generell informasjon

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til:

Inge Jonassen, Computational Biology Unit, telefon 555 84713, e-post inge.jonassen@ii.uib.no

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønssamansetning og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn og nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Vi oppmodar kvinner om å søkje. Dersom fleire søkjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, gjeld reglane for moderat kjønnskvolter.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Den som blir tilsett må rette seg etter dei retningslinjene som til ei kvar tid gjeld for stillinga.

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: